



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

FYLKESORDFØRER

Kunnskapsdepartementet
v/kunnskapsministeren
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

16.01.2018

Deres ref.:

Saksbehandler: Astrid Apalset Vassbø
Direkte innvalg: 51 51 66 08

Saksnr. 18/1104-3
Løpenr. 3483/18
Arkivnr.

INVITASJON TIL KUNNSKAPSMINISTEREN FRÅ REGIONALT FORSKNINGSFOND

Invitasjon til å delta på Årskonferansen for Regionale forskingsfond, Sola Strand Hotell, 11 september 2018.

Dei regionale forskingsfonda er forankra i fylkeskommunane. Fleire av styra har brei regionalpolitisk representasjon. Vertskapet for konferansen, Regionalt forskingsfond Vestlandet, har fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane i styret.

Som øvste politiske leiarar for dei tre fylkeskommunane ønskjer vi å nytte årskonferansen for Regionale forskingsfond 2018 til ei drøfting med øvste politisk leiing i Kunnskapsdepartementet om det framtidige forskingssamarbeidet mellom dei nye fylkeskommunane, Forskningsrådet og Regjeringa – jfr. spørsmåla lista under.

Det regionale Noreg er under endring. Dei regionale forskingsfonda er sterkt påverka av den nye regionale organiseringa. Det vert fleire og mindre fondsregionar dei fleste stader i landet.

- Kva forskings- og kunnskapspolitiske utfordringar vil den nye organiseringa av fondsregionane medføre?
- Vil dei føreslegne elleve fondsregionane kunne levere like gode resultat som dagens sju?
- Korleis kan ein sikre at nasjonale forskingspolitiske målsetnader vert styrka gjennom ei ny regional organisering av forskingsinnsatsen?
- Korleis sikre eit framleis godt samarbeid mellom dei nye fylkeskommunane og Forskningsrådet om det regionale arbeidet med mobilisering og finansiering av forskning?
- Kva ambisjonar har Kunnskapsdepartementet med dei nye regionane si forskingspolitiske rolle i eit kunnskapsbasert Noreg – har Regjeringa ein forskingspolitikk for regionane?
- Korleis gjer vi kvarandre gode?

Desse og fleire spørsmål vil vi setje på dagsorden den første dagen under Årskonferansen 2018. På konferansen deltek eigarar, fondsstyre, fondssekretariat, Forskningsrådet og samarbeidspartar – til saman om lag 100 personar.

Vi håper det let seg gjere å delta på konferansen 11. september 2018.

For tilbakemelding og kontakt:

Sekretariatsleiar Jone Engelsvold, jone.engelsvold@hfk.no tlf 55239325/97660477

POSTADRESSE
Postboks 130 Sentrum
4001 STAVANGER

BESØKSADRESSE
Arkitekt Eckhoffsgt. 1
STAVANGER

TELEFON
51 51 66 00

ORGANISASJONSNR.
971045698

BANKGIRO:
3201.05.50520

E-POST: firmapost@rogfk.no

INTERNETT: www.rogfk.no

Med venleg helsing

Solveig Ege Tengesdal
Rogaland

Anne Gine Hestetun
Hordaland

Jenny Følling
Sogn og Fjordane

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.